

Vekeplan, veke 4 4. klasse


Namn:

Info:

- Fredags morgon blir det tur til Knudaheio i samband med Arne Garborg sin fødselsdag. I år er det 175 år sidan han blei fødd. Det kjem nokon frå Garborgsenteret som skal fortelje for oss. Elevane tek med vanleg skulesekk denne dagen.
- Fredag i siste økt kjem Kulturskulen med dirigent og pianist for å øve til Songskattane.
- 13.februar blir det felles øving for dei som har replikkar eller er med på dramainnslag. Det blir på Lye saman med Hognestad, Lye og Frøyland skule.
- Hugs å gå inn på samtykke på Visma mtp filming.

Mål:

Lesing/skriving:	- Eg kan fortelje fakta om Arne Garborg. - Eg kan skrive øveorda og veit kva dei betyr - Eg kan skrive ein faktatekst - Eg kan tekstane til Songskattsongane
Rekning:	- Eg veit kva ein brøk er - Eg veit kva eit desimaltal er
Engelsk:	- Eg kan fortelje om Roald Dahl - Eg kan fortelje om nokre bøker av Roald Dahl.
Sosialt:	- Eg arbeider godt i timane og gir andre arbeidsro



Øveord: (Desse skal du kunne skrive på målprøven på fredag)

Nordsjøen – oljebrønn – geolog – paleontolog – dinosaur

Gloser

Parents – foreldre, explorer – oppdagar, spell – stave, became – blei, famous- berømt, factory – fabrikk, witches – hekser, book review- bokmelding, stupid – dum, library – bibliotek, mean- vond, headmistress – kvinneleg rektor, scary – skummel, author – forfattar.

Vekelekse:

Øv godt på songtekstar og ev replikkar.

Lekser til

Tysdag:	Norsk: Les s. 152-155 i Salto to gonger høgt for ein vaksen og ein gong for deg sjølv. Les berre halvparten viss du tykkjer det blir vanskeleg, men det er viktig at du les tre gonger. Vel ut 5 ord frå lekse som du tykkjer var vanskelege å lese. Les dei fem orda inn på Showbie under leselekse, veke 4. Matte: Gjer s. 66 i multi 4 oppgåvebok. Ta med underskrift på gongeprøve og målprøve.
Onsdag:	Norsk: Lær deg dei 3 songane til Songskattane som du tykkjer du kan dårlegast. Skriv ei setning til kvart av øveorda i den store raude boka. Overskrift: Øveord, veke 4. Begynn på ny setning på ny linje. Set ein linjalstrek under øveordet, og sjekk nøye at du har skrive ordet rett. Bruk Salto som hjelp dersom du tykkjer det er vanskeleg å bruke orda i setningar. Engelsk: Les s 58 og 59 i Quest Textbook høgt for ein vaksen 2 gonger, den første gongen på engelsk, den andre gongen på norsk og les 1 gong for deg sjølv på engelsk. Skriv glosene i den raude <u>gloseboka</u> di. Hugs gymtøy, handkle og såpe.
Torsdag:	Norsk: Les tekst om Arne Garborg i den store raude boka. Svar på oppgåvene som høyrer til. Hugs punktum og stor bokstav. Lever boka. (Teksten er henta frå «Då Arne Garborg var liten» av Sigbjørn Reime)
Fredag:	Norsk: Jobb 10 minutt på Aski Raski. (Gå inn på stien/vegen) + øv på Bolla pinnsvin. Matte: Gjer s. 67 i multi 4 oppgåvebok. Øv 10 min på 6-10 gongen. Målprøven blir sannsynlegvis ein gong før maten pga øving i siste økt.

Forventa timeplan denne veka.

	måndag	tysdag	onsdag	torsdag	fredag
8.15-9.45	Engelsk ER	Matte Musikk EH	Naturfag Boklån LT	Norsk GS	Matte Til Knudaheio EH & MH
9.45-10.00	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt	Friminutt
10.00-11.00	Matte EH	Samfunn 3+4 MH	Engelsk ER	Norsk GS	K&H GS
11.00-11.40	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Mat og friminutt	Friminutt	Mat og friminutt
11.40-13.10	Norsk Olweus GS	Norsk GS	Gym 3+4 GS	Krle 3+4 MH	Øving Songskattane GS
Skulen sluttar 12.40					

GS= Grete Stokke MH= Margaret Harestad EH = Elisabeth Haagensen LT= Lars Tjelle. ER = Erik Røyland.

